

ein liten by i Telemark. Det var grå slapsesnø i gatene, og på torget i byen kunne ein sjå overdekte lastebilar og tyske og norske politifolk i sine uhylle-vekkjande uniformer. Folk som var vitne til dette, såg alvorlige ut; kjende seg utrygge og nedtrykte. Det hadde vore ei natt med massearrestasjoner i byen og bygdene omkring. Komen heim om ettermiddagen, fekk eg vita at også fleire frå mi eiga bygd var tekne. Og vi veit at dei som dundra på dørene nattestid og skreik med sine tyske kommandorøyster, dei hadde norske vegvisarar.

Noko slike har ikkje Egil Ulateig opplevd, men han er ikkje uvitande om kva slag regime og makt som hadde valdteke oss den gongen. Dette burde ha teke frå han iveren etter å freiste framstille motstandskampen mærmast som ein skitten kamp.

Boka til Ulateig

Motstands-kampen var ikke skitten

Av Hallvard Hegna, Atra

Eg har tidlegare skrive ein artikkel i Aftenposten om vårt tilhøve til dei som var NS-medlemmar under krigen. Det let seg gje å ha forståing for kvifor somme kom til å hamne på den galne sida under krigen. Og eg hevda at mange av dei var alminnelege bra menneske, men at vi måtte setja ei grense ved dei som framleis meiner at dei ikkje var på tvilsame vegar.

Eg fekk positiv respons, blant andre frå ein frontkjempar som takka for artikkelen og gav uttrykk for kva han no meinte om Hitler og hans vesen. Eg trur difor at dei fleste tidlegare NS-folk ynskjer å vera ferdige med denne bolken av livet sitt. Då har vi råd til å gløy-me og setja ein strek over det farne. Men det som Egil Ulateig har gjort med boka si, er å kalle fram att motsettingane og hatet frå krigstida. Han har gatt ærendet til dei sjølvrettferdige gamal-nazistane og etterkomrarar av desse, som har sitt talerøyr i organet Folk og Land.

Eg vil ikkje dermed ha sagt at vinarsida ikkje kan ha noko å svara for; det toler vi godt å vedgå og kan seia oss leie for det. Men gje freistnad på å setja heile sakana på hovudet, slik dei hatefulle gamal-nazistane ynskjer, er meininglaust.

Som ung realskulelev hugsar eg ein mørk og tung novemberdag i 1943 - i